



Det Kongelige Kulturdep

Dykkar ref.

Vår ref.
12/969-10/K1-234//LEM

Stad/Dato:
30.04.2014

RAPPORT DEN KULTURELLE SPASERSTOKK 2013

Øygarden søkte om pengar til 3 ulike prosjekt – Forestillinger – Trening for eldre – Kulturnaust.

Det siste tiltaket kulturnaust har me ikkje kunna starta med, då me ikkje fekk pengar nok til dette.

Forestillinger:

- Ivar Aasen kveld der me spesielt inviterte seniorar til Kystmuseet i Øygarden. Det møtte ca. 20 stk. på denne tilstellinga der songkoret «Klungerrosa» og kåsør Olav Kobbeltveit underheldt.
- 15 pensjonistar reiste til Kypros og fekk stønad til ein kulturell kveld
- På Tednebakkane omsorgssenter vart det arrangert 3 ulike tilstellingar der ca. 30 av bebruarane og ca. 20 heimebuande seniorar møtte fram:
 - o Arne Mørch – allsang underhaldning «minnenes melodier»
 - o Ramona Sulen og Tarjei Vatne – song, historier og allsong
 - o Tor Olsen – song og allsong
- Kulturtreff som er eit interkommunalt tiltak for kommunane Fjell, Askøy, Laksevåg og Øygarden. På dette treffet møtte det 20 seniorar frå Øygarden. Her er det ulik form for underhaldning. Unge talent som har delteke m.a. i Ungdommens kulturmønstring og profesjonelle aktørar. Dette året hadde me: Yvonne Algrøy, Marianne Juvik Sæbø, Giske Bratli, Ann-Sophie Jonsson og Eirik Minde
- Eldrefest der Ramona Sulen og Arvid Torsvik stod for underhaldninga, her var det 100 stk. seniorar som møtte fram i Kulturhuset på Rong.

Trening for eldre:

- Trim for eldre - motivasjonsdag m/Anne Dybevåg frå Hordaland Idrettskrets.

Alle tiltaka vert svært godt motteke av pensjonistane så eg vil retta ei stor takk for løyvinga til Øygarden kommune. Dette gjer det mogeleg for oss å arrangera ulike arrangement til denne gruppa.

Med helsing

Liv Edel Mikkelsen
Konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur